

Forskrift om bandtvang i Fitjar kommune

Forskrifta er heimla i LOV 2003-07-04 nr. 74: Lov om hundehald (hundeloven)

§ 1 Føremål

Føremålet med forskrifta er å redusere konfliktnivået mellom hundeeigarar og ålmenta, ved å leggje vekt på tryggleik og trivsel for husdyr, vilt og menneske.

§ 2 Virkeområde

Forskrifta gjeld for hundehald i Fitjar kommune.

§ 3 Bandtvang

Ut over normal bandtvangstid, 1. april – 20. august, skal hundar haldast i band eller forsvarleg innestengt på følgjande stadar:

- a) I tilknytning til bustad- og handleområde
- b) På gravplassar, på og ved skular, barnehagar og anlegg for leik, idrett eller sport.
- c) I område der husdyr har rett til å beite og faktisk beitar 21. august - 15. oktober.
- d) I følgjande tur- og rekreasjonsområde (jf. kart i vedlegg 1)
 - a. Rossneset
 - b. Breiavikjo

§ 4 Unnatak frå bandtvangsreglane

Reglane om bandtvang i § 3 c) og d) gjeld ikkje for hund brukt til jakt, jakthundtrening og jaktprøvar mellom 20. august og 1. april.

Vidare unnatak for reglane om bandtvang går fram av Hundelova § 9.

§ 5 Ekstraordinær bandtvang

Rådmann har delegert mynde til å fastsetje forskrift om ekstraordinær bandtvang, jf. Hundelova § 6, 2. ledd, pkt. f).

§ 6 Forsøpling

Hundehaldar pliktast straks å fjerne avføring etter hund på offentleg område. Ved bruk av hundepose skal denne deponerast på eigna stad, og ikkje kastast i naturen.

§ 7 Straff

Brot på forskrifta straffast etter reglane i Hundelova § 28.

§ 8 Ikraftsetjing

Denne forskrifta trer i kraft 1. juli 2010.